

# Hornindal og Markane skyttarlag

## Referat frå årsmøte 25. oktober 2018 Miniatyrbana kl. 18.30

### 1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjend.

### 2. Val av ordstyrar.

Paul Hatledal vart vald til ordstyrar

### 3. Val av referent.

Thore Heggen vart vald til referent

### 4. Val av to til å skrive under møteboka.

Rudi Lødemel og Ann-Therese Gausemel vart valde

### 5. Årsmelding.

Årsmeldinga vart gjennomgått av møteleiar og godkjend med enkelte kommentarar.

### 6. Rekneskap.

Rekneskapen vart gjennomgått og godkjend med nokre spørsmål og kommentarar. Honnør til kasserar for svært godt arbeid!

### 7. Olsokstemnet:

#### 7.1 Dato for Olsokstemnet.

Det er kome spørsmål om flytting av stemnehelg for Olsokstemnet ei helg fram. Dette pga mange store stemner på Austlandet same helga som kan ha medfört tap av deltagarar. Styret har sondert litt rundt dette – m.a. med Hundeide som har hatt ønskje om å arrangere feltstemne i tilknyting til Olsokstemnet. Flytting vil medføre at ein kjem på same helg som Malakoff som i alle fall vil medføre at arrangering av feltstemne i regi av Hundeide er utelukka. I tillegg er Sunnylven kontakta med spørsmål om flytting av felles stemnehelg utan at det var større interesse for dette. Ingen på årsmøtet tok til orde for flytting av stemnehelg og ein held fast på den faste helga.

#### 7.2 Subsidiering av Olsokpokalen og Olsokskytinga.

Olsokpokalen gjekk ut på stemnet i år (2018). Idar har rekna over kostnaden med pokalen og løpende premierung. For å gå i balanse med kostnaden må ein ha 24 betalande lag, men ein har truleg berre hatt rundt 15 lag etter samanslåing av lag m.v. Skal ein vidareføre dette med færre lag må ein heve innskotet til rundt kr 1.000,- om premieringa skal vere den same. Det kan også vere mogleg å få delvis finansiering av ny pokal med sponsorbidrag. Det vart gjort framlegg om at innskotet kan aukast, men at styret så langt råd er må søkje å dekke kostnaden til ny pokal med sponsorbidrag. Det vart gjort samråystes vedtak om at styret får fullmakt til å auke innskotet for å dekke kostnaden med å kjøpe ny pokal, men så langt råd er skal dette søkjast dekka med sponsorbidrag.

Premiering Olsokskytinga – i år var det 124 deltagarar som betalte kr 50,- kvar – totalt kr 6.200,-. Premieringa med Olavfiguren til kr 1.200,-, kostnader til fat inkl. dreiling og sviing medfører truleg at ein går med tap på denne skytinga. Bør truleg auke innskotet med kr 20,- slik at dette minst går i balanse. Det kom framlegg om å auke innskotet til kr 60,- og så får ein vurdere dette for seinare om det skal vere aktuelt å auke dette ytterlegare. Forslaget vart vedteke samråystes.

#### 7.3 Endring av reglar for lagskyting på Olsokstemnet.

For auke tilfanget av betalande lag vart det stilt spørsmål ved om ein skulle opne for deltaking av klasse V55 og kl. 2 i tillegg til klasse 3 – 5 som no. Det vart gjort framlegg om ei slik opning og årsmøtet gjorde samråystes vedtak om å endre statuttane i samsvar med dette. Endringane skal omtala i innbydinga og elles takast med på ombodsmøtet slik at lokale lag vert orienterte om endringane.

### 8. Leige vaskehjelp

Over tid har det vore diskutert om ein skal få nokon til å stå for reinhald på Sindre. Med bingo-arrangementa er det så mykje bruk av skytehuset at det er behov for løpande reinhald gjennom sommaren. Styret har undersøkt om ein kan få til tilsvarande ordning som for Sindre der det er leigd hjelp til dette. Det vart gjort vedtak om at styret får fullmakt til å leige hjelp til reinhald på Sindre etter vurdering av behov/frekvens.

### 9. Medlemskontingent.

#### Vedtak: Uendra

For 2019 vert medlemskontingeneten slik:

Enkeltmedlemskap vaksne: kr 400,-

Enkeltmedlemskap barn/ungdom til og med det året dei fyller 16: kr 100,-

Støttemedlem: kr 100,-